

# Rammeverket i korte trekk – ei rettleiing for språklærarar

ved Eva Thue Vold og Birgitta Hellquist

Omtalt av **Berit H. Blå**, høgskulelektor, Framandspråksenteret

Støttmateriell i fagfornyinga (LK20) viser tydeleg til Det felles europeiske rammeverket for språk (Rammeverket) og den tilhøyrande nivåskalaen, og det har ført til nytt og endå sterkare fokus på Rammeverket.

- «Læreplanen i fremmedspråk har en tydelig kobling til CEFR»
- «kjennetegn på nivå I [er] utarbeid

det fra et forventet kompetansenivå om tilsvarer A1 i CEFR»

[udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/kjennetegn/kjennetegn-pa-maloppnaelse--fremmedsprak-niva-i](https://udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/kjennetegn/kjennetegn-pa-maloppnaelse--fremmedsprak-niva-i)

- «kjennetegn på nivå II [er] utarbeidet fra et forventet kompetansenivå som tilsvarer A2 i CEFR»

[udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/kjennetegn/kjennetegn-pa-maloppnaelse-fremmedsprak-niva-ii](https://udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/kjennetegn/kjennetegn-pa-maloppnaelse-fremmedsprak-niva-ii)

Men Rammeverket er eit omfangsrikt dokument, og det ligg dessutan føre i ulike versjonar og på forskjellige plattformer ([udir.no/hkdir.no/coe.int](https://udir.no/hkdir.no/coe.int)). Den aktuelle



rettleiinga for språklærarar er eit forsøk på å gjere Rammeverket meir tilgjengeleg og dessutan gi eit kortfatta innblikk i og skape oversikt over enkelte samanhengar i det. Rettleiinga prøver òg å stimulere til dialog i lærarfellesskapa gjennom systematisk bruk av refleksjons- og diskusjonsspørsmål.

Lærarguiden er resultatet av eit samarbeid mellom Nasjonalt senter for engelsk og framandspråk i opplæringa ved Høgskolen i Østfold og Fortbildningsavdelingen for skolans internationalisering ved Uppsala universitet og finst såleis både i ein norsk og ein svensk versjon. Gudrun Erickson (Göteborgs universitet) og Gølin Kaurin Nilsen (Universitetet i Stavanger) har vore fagkonsulentar i arbeidet.

Rettleiinga begynner med å gi eit riss over bakteppet for utviklinga av eit rammeverk for språk og seie noko om kva for intensjonar dette er meint å skulle innfri. Vidare blir spesifikke rammeverkstermar (referansenivå, deskriptorar og domene) utdjupa. Deretter følgjer ein introduksjon av dei overordna kompetansebeskrivingane (global skala), før dei kommunikative språkaktivitetane (resepsjon, produksjon, samhandling og mediering) blir nærmare beskrivne. Her finst òg illustrerande døme på tabellar med nivåbeskrivingar. Rettleiinga nemner i tillegg at Rammeverket har ein plass i norske styringsdokument,

og ho gir konkrete og nyttige tips til omsetjing i praksis – mellom anna ved hjelp av språkpermen, Rammeverkets didaktiske verktøy.

Utover å gi eit verdifullt innblikk er rettleiinga sin absolutte styrke det at dei ulike aspekta ved Rammeverket kontinuerleg er relaterte til ein norsk skulekontekst, noko som bidreg til å understreke relevansen til dokumentet. Her er nokre døme:

- Rammeverket og vurderingsforskrifta fokuserer begge på positiv formulering av kompetanse, det vil seie på kva ein meistrar, ikkje på kva ein manglar i kompetansen.
- Nye eksempeloppgåver for sentralt gitt skriftleg eksamen i engelsk (inkludert lytting!) og framandspråk speglar langt på veg dei fire typane kommunikative språkaktivitetar (resepsjon, produksjon, samhandling og mediering) i Rammeverket.
- Intensjonar i Rammeverket som handlingsorientering, fleirspråklegheit og interkulturalitet samsvarer med kjerneelement i språkfaga – særleg i læreplanen for framandspråk.
- Rammeverket anerkjenner at nybegynnarar har behov for avgrensingar i språkbrukskonteksten (det personlege domenet), og det er heilt i tråd med kvardagsorienteringa til læreplanane på lågare nivå/trinn.

Den overførte tydinga av omgrepet rammeverk er ifølgje oppslagsverk «et sett av generelle regler» (Ordnnett), noko som «trekkjer opp hovudlinjene for ei verksemd» (Nynorskordboka), eller «en underliggende struktur som brukes som et grunnlag for å bygge andre ting oppå» (Wikipedia). Dette er alt svært dekkjande for det faktum at Rammeverket har vore, er og framleis vil vere eit retningsgivande referansedokument for alle som driv med språklæring, språkundervisning og språkvurdering (jf. undertittelen til Rammeverket). Her kan ein finne mykje inspirasjon og nyttig støtte i arbeidet med å utvikle ulike sider ved kompetansen til elevane – noko rettleiinga gir ein liten smakebit på.

Som ei ekstra hjelp når det gjeld å nyttiggjere seg Rammeverket, byr rettleiinga på mange forslag til refleksjons- og diskusjonsspørsmål. Desse kan tene som utgangspunkt for eigenrefleksjon og felles drøfting i språklærarkollegiet om kva språkkompetanse inneber, og kva for komponentar det rommar.